LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Alversund Maskinstasjon AS
Buhaugen 6
5911 ALVERSUND

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar:	Benjamin Hicks	03.06.2015
Vår: 15/1768 - 15/20912	Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no	

Vedr. søknad om dispensasjon - Gbnr. 133/86 Soltveit søndre - veg

Det vert vist til dykkar søknad om dispensasjon frå pbl § 1-8 og arealføremålet LNF i kommunedelplanen for etablering av ny køyrbar tilkomstveg fram til gnr. 133 bnr. 26 samt endra tilkomst til bnr. 86.

Kommunen har vert på synfaring på staden. Vi er ikkje positive til omsøkte tiltak. Før det vert gjort vedtak i saka ynskjer vi ei tilbakemelding om de ynskjer at vi skal vurdere ei alternativ tilkomstveg fram til gnr. 133 bnr. 26 via eksisterande avkøyrsle til bnr. 86 og sør for eksisterande bustad. Dersom dette er av interesse ber vi dykk ta skriftleg kontakt innan 15.07.2015 saman med eit oppdatert teikningsmateriell.

Det vert også vist til dykkar skriv av 20.02.2015. Det skriver at «Fritidsboligen blir benyttet til bustad av en småbarnsfamilie». De skriver vidare at «Bygningen trenger rehabilitering». Vi gjer merksam på at fritidsbustaden ikkje kan nyttast som bustad. Bruken av bygningen til bustadføremål er ikkje godkjent og må opphøyra. Dersom de ikkje dokumenterer at bruken er opphøyra innan 15.07.2015, vil vi fylgje opp saka som eit ulovleg tilhøve.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arve Olav Kjørlaug	Gangstøvegen 99	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Alversund Maskinstasjon AS	Buhaugen 6	5911	ALVERSUND